Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg

# SØKNADSSKJEMA 2017

Søknaden skal sendast til:
Elektronisk adresse: hfk@hfk.no
Søknad merkast med: "*Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg – søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/13889*"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

## Namn på tiltaket: Vegljos over Sekse, Fv 101

### Søkjar (kommune)

Namn: Ullensvang herad
Adresse: Heradshuset
Postnr./stad: 5780 Kinsarvik
Org.nr.: 964 967 903
Kontonr.: 3450 19 70427 Prosjektnr.: Ressursnr.:

### Administrativ kontaktperson hjå søkjar

Namn: Helga Helleland / Inger Sekse Telefon: 53671554 / 53671573
E-post: hhan@ullensvang.herad.no / isek@ullensvang.herad.no Mobil:90998957 / 99418967

| Type trafikant | Totalkostnad | Søknadsbeløp | Fylkesvegnr. | Status | Type tiltak | Framdrift |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kven er tiltaket retta inn mot?<br>- Mjuke trafikantar<br>- Møteulukker<br>- Utforkøyringsulukker<br>- Anna (spesifiser) | Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva). | Tilskotssummen vil maks kunne vere på 4 million kroner. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.) | Tiltak kan berre gjerast på fylkesveg, men kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Kva er vegnummeret? | Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert. Kvar er tiltaket forankra?<br>- Ordførar<br>- Kommunestyre<br>- Trafikksikringsplan | Kva type tiltak er det?<br>- Langs skuleveg<br>- Punktutbetring | Tiltaket bør ferdigstillast i 2017. Når kan tiltaket starta opp? (dd.mm.åååå)<br><br>Når skal tiltaket vere ferdig? |
| Mjuke trafikantar.<br><br>Tiltaket er Ullensvang herad er prioritert tiltak på ein fylkesveg som er skuleveg. | 2 000 000 | 2 000 000 | Fv 101 | Trafikksikringsplan | Langs skuleveg | Ferdig: 31.12.17 |

## Omtale av tiltaket

Tiltaket gjeld oppsetjing av vegljos på Fv 101 over Sekse. Vegen har ikkje gang- og sykkelveg. I nord er det vegljos frå riksvegen og omlag 500 meter forbi barnehagen og opp langs det etablerte bustadfeltet. For alle som bur vidare er det mørkt å ferdast, særleg i vinterhalvåret. Det er mange skuleborn som bur langs vegen og som går frå heimen og ned til busstoppen på Rv 13, anten i sørenden eller nordenden av Seksevegen. Vegen er smal og vanskeleg. I 2011 vart deler av vegen teken av ras i Glåmo.

Særleg i nordenden av vegen er det mørkt med høge tre og langt mellom husa. Det er lett å forstå at skuleborna ikkje likar å gå her og dei vert ofte køyrt av foreldra. I eit folkehelseperspektiv er det ynskjeleg at borna kan gå. Vegljos over Sekse har stått på ynskjelista for dei busette her dei siste tretti åra.

Tiltaket er prioritert TS-tiltak på ein fylkesveg og gjeld vegljos langs ein skuleveg der elevane går til busstoppen.

Tiltaket er drøfta med Hardanger Energi. Dei vurderer at det trengst om lag 100 ljospunkt på 2,5 km veg jf vegstandard.

## Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: 2017-10-01
Pårekna avslutta: 2017-12-31

☐ Kan gjennomførast omgåande

☒ Må lagast anbod

**Evt. ferdigstilling i 2018**
Tiltaket bør ferdigstillast i 2017, men dersom dette ikkje let seg gjere så må dette grunngjevast her. Tiltaket er planlagt ferdig i 2017, men dersom kapasiteten hjå Hardanger

Energi AS er for låg, kan det vera at ferdigstillinga vert i første halvdel av 2018.

*Skisse til framdriftsplan:*

- 1. 04.17 Søknad om tilskot
- Medio mai Svar på søknad
- Mai/juni Overlevering av prosjekt til Hardanger Energi
- Sommar 2017 Evt utlysing av gravearbeid

- 01.10.17 Oppstart av arbeid
- 31.12.17 Ny trygg skuleveg for skuleborna (evt ferdigstilling første halvdel i 2018)

**Finansiering** (alle beløp i kr eks mva)

Totalkostnad for tiltaket: kr 2 000 000

Søknadsbeløp for tiltaket: kr 2 000 000

**Evt. eigenandel**
Dersom kommunen ønskjer å gå inn med ein eigenandel, så må dette opplysast om her. Oppgjev også prosent av totalkostanden.
Ullensvang herad ynskjer i utgangspunktet ikkje å gå inn med eigendel, men dersom tilskotet vert lågare enn søkt om, kan det likevel verta aktuelt.

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 09.02.2017.

Kinsarvik 30/3-17
Dato/stad

Helga Helleland / Inger Schose
Underskrift ansvarleg søkjar

Ullensvang herad